



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf
Kåre Træen – 57 65 54 18
E-post
ktr@fmsf.no

Vår dato
02.12.2008
Dykkar dato
01.09.2008

Vår referanse
2008/3866 - 330
Dykkar referanse

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Innspel til høyring om ny forskrift for finansforvaltning i kommunar og fylkeskommunar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til Kommunal- og regionaldepartementet sitt brev av 01.09.2007 - høyring om ny forskrift for finansforvaltning i kommunar og fylkeskommunar.

Generelt vil vi uttale at det er gjort fleire forbetringar frå gjeldande reglement.

Våre innspel er inndelt etter paragrafane i ny forskrift.

§ 2. Reglement for kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning

Kommunestyret eller fylkestinget skal selv gi regler for kommunens eller fylkeskommunens finansforvaltning.

Reglementet skal omfatte forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens midler og gjeld, herunder:

- a) Forvaltning av ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål.*
- b) Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.*
- c) Forvaltning av gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtaler.*

Reglementet skal vedtas minst én gang i hver kommunestyre- eller fylkestingsperiode.

Innspel:

I merknadane er det nærare omtalt kva som er langsiktige finansielle aktiva. Langsiktige finansielle aktiva må presiserast med at det er midlar som kommunen ikkje har avsett eller disponert til noko eller har planar om å avsette eller disponere til noko, i det heile teke midlar som ikkje skal nyttast i kommunen før om lang tid – minimum 5 år.

§ 3 Rammer for reglementet

Kommunestyret eller fylkestinget skal ved fastsettelsen av reglementet vektlegge hensynet til en forsvarlig økonomiforvaltning og hensynet til å kunne dekke sine løpende betalingsforpliktelser.

Innspel:

I merknadane bør det vere omtalt nærare kva er forsvarleg økonomi i høve til finansiell risiko, m.a. at kommunane skal ha opparbeidd frie reservar (bufferfond), som er tilstrekkelege til å dekke eventuelle reduksjonar i verdi på plasseringane i det enkelte år.

§ 4. Innholdet i reglementet

Reglementet skal minimum angi:

a) Formålet med forvaltningen.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

- b) *Rammer og begrensninger for forvaltningen av de ulike forvaltningstyper som angitt i § 2, herunder tillatt risikonivå gjennom angivelse av hvordan midler skal fordeles på ulike aktiva.*
- c) *Tidspunkt og innhold i statusrapporteringen for finansforvaltningen, jf. forskriften §§ 6 og 7.*
- d) *Håndtering av avvik fra finansreglementet.*

Innspel:

Er usikker på pkt. d, om det skal førekomme avvik fra finansreglementet?

§ 5 Kvalitetssikring av reglementet

Kommunestyret eller fylkestinget skal la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legger rammer for en finansforvaltning som er i tråd med kommunelovens regler og reglene i denne forskrift.

Det er sett som føresetnad at uavhengig kompetanse får framlagt reglementet. Men kva om dei ikkje får det? – bør ikkje uavhengig kompetanse ha ei rutine for å etterspørje reglement, både ved endringar og rapportering? I "Terra-saka" har det m.a. kome fram i rapportar at svikt i kommunane sine rutinar førte til at reglement og rapportar ikkje vart lagt fram for uavhengig kompetanse. Som kjent er det kontrollutvalet som i dag har ansvar for tilsyn med økonomiforvalninga - kompliserer dette oppgåva til uavhengig kompetanse?

§ 6 Rapportering til kommunestyret eller fylkestinget

Administrasjonssjefen skal minst to ganger i året legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser status for kommunens eller fylkeskommunenes finansforvaltning. I tillegg skal administrasjonssjefen etter årets utgang legge fram en rapport for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen gjennom året og status ved utgangen av året.

Innspel:

Bra at rapportering kjem med, men det bør presiserast at det skal vere utarbeidd ein eigen finansrapport i tillegg til økonomirapporten (ikkje felles rapport).

§ 8 Rutiner for vurdering av risiko

Det skal etableres rutiner for vurdering av finansiell risiko. Kommunestyret eller fylkestinget skal påse at slike rutiner er etablert og etterleves.

Innspel:

Her må inn at finansiell risiko ikkje berre må vurderast, men og handterast (som i gjeldande forskrift).

Med helsing

Anne Karin Hamre
fung. fylkesmann

Kåre Træen
rådgjevar

